

**Onsdag 9.mai arrangerer turlaget i Kvinnherad  
Opptur for alle 8.klassingane !  
Elevar frå Åkra, Øyatun, Husnes, Rosendal  
og Hatlestrand skule deltek.**

**Turen startar frå Velferdsbygget ved Valen sjukehus  
og går eit stykke på skogsveg og vidare påsti til Nordfjell,  
Vardhaugselet og Olderbotn. Dette er ein fin rundtur.**

**Elevane startar å gå kl 0930 etter at alle er møtt fram.**

Opptur er eit arrangement i DNT-regi, der 8.klassingar over  
heile landet vert invitert til ein dag med friluftsliv og fysisk aktivitet.  
Lokalt har Kvinnherad Turlag skipa til Opptur årleg mange år

DNT ønskjer å vere ein aktiv pådrivar for å fremje friluftsliv som  
livsstil allereie i barne- og ungdomsåra. Dei ønskjer og å ta del i  
ansvaret for å formidla gledene ved friluftsliv og kunnskap om  
bruk og vern av naturen.

For å lukkast med dette er laget avhengige av å kunne gje eit  
godt tilbod gjennomskulen.

OPPTUR er ein del av DNT si skulesatsing, og målet er å få  
fleire ungdommar til å oppleve glede ved friluftslivet, gjere  
turmulighetene inærmiljøet betre kjend og laga ein triveleg  
dag med fysisk aktivitet for alle.

Det spesielle med Opptur i Kvinnherad, er at dei  
faktisk får alle 8.klassingane i heile kommunen ut på tur  
samtidig og på den same turen.